



Anne Selnes
Bjergelia
6963 DALE I SUNNFJORD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2497 - 16/20122

Saksbehandlar:

Per Atle Sæle

per.atle.sale@meland.kommune.no

21.10.2016

Retting av feil i matrikkelkartet for gnr 27 bnr 14

Johnny Oksnes har på vegne av gnr 27 bnr 14 påpeikt feil i matrikkelkartet for 27/14 og bede om retting. Vedlagt krav om retting ligg kopi av skyldskifte for 27/14.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart-/oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/usikre grenser. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera desse med skyldskifte, jordskifte eller liknande, og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen retta grensene i matrikkelkartet.
- Dersom partane har ulike påstandar kan kommunen ikkje gjennomføra rettinga eller grensa kan verta lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.
- Dersom retting av grense ikkje fører fram, kan partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dersom partane ikkje er samde, er grensepåvising ved jordskifteretten den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart på, eventuelt nymerka og målt på ein etterviseleg måte. Slike forretningar må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggjande som «usikker grense» i kartet, men eigeiendomen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis vera meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

Denne rettesaka gjeld:

Gnr 27 bnr 14 ligg i dag i matrikkelkartet på nordaustre sida av den kommunale vegen til Moldekleiv. Grensa mot 27/5 og 27/100 vart gått opp og klarlagt på oppmålingsforretning 21.06.2016. Det vart då ikkje gjort endringar i grensa mot 27/17 og kommunevegen 27/252.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oksnes påpeikar at 27/14 også eig eit areal på sørvestsida av kommunevegen, der brønnen til 27/14 ligg. På oppmålingsforretninga i juni 2016 påviste Oksnes kross i fjell på vestsida av veggen, grensepunkt 2714-1. I følgje skyldskiftet for 27/14 skal grensa gå 4m forbi den påviste krossen til den gamle grensa mot bnr 5 som i dag tilhøyrrer bnr 17.

21.10.2016 var Anngunn Marie Gullbrå og Per Atle Sæle på synfaring saman med Johnny Oksnes. Oksnes påviste då brønnen sin og grensa mot 27/17. Det vart også målt med måleband frå tidlegare påvist kross i fjell om lag 40m langs grensa til 27/17 til grensa mot 27/10. I skyldskiftet står det 41,5m men det kan då vera målt langs bakken.

Meland kommune har teikna inn framlegg til retting av grensa til 27/14 med ein teig på sørvestsida av kommunevegen skravert med raud skravur på vedlagt kart.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført, bed vi om at de kjem med **skriftleg tilbakemelding innan tre veker frå de mottar dette brevet**. Dersom det ikkje kjem inn motsegn til framlegget, vert matrikkलगrensa endra i samsvar med framlegg. Underretting om nye grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
27_14retting

Mottakere:

Anne Selnes	Bjergelia	6963	DALE I SUNNFJORD
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Oddmund Vidar Haugland	Moldekleiv 17	5918	FREKHAUG
Ole Gunnar Haugland	Moldekleiv 7	5918	FREKHAUG
Ottar Arne Bøstrand	Moldekleiv 28	5918	FREKHAUG
Ove Torfinn Haugland	Klauvsteinen 153	5146	FYLLINGSDALEN